

Melding frå kommunestyregruppa 2006

Aurland Høgre

Tenester og økonomi – ny fordeling mellom tenesteeiningane

Det er no tverrpolitisk semje om at det er nødvendig med eit stramt driftsbudsjett. Talet på stillingar er redusert. Høgre har fleire gonger teke opp at ein må sjå på fordelinga mellom tenesteeiningane. For 2007 vert det tilrådd nokre endringar som styrkjer kjernetenestene, særleg pleie og omsorg.

Barnehagar og SFO

Etter framlegg frå Høgre er tilboda samordna slik at det no alltid er eit tilbod tilgjengeleg.

Investeringar

Det er gjennomført store investeringar knytt til omsorg og infrastruktur. I komande år vert ny idrettshall og tettstadsutvikling prioritert. Høgre arbeider heile tida for å få til effektive investeringsløyningar, mellom anna med totalentreprise. Dette er det aukande tilslutnad til. I samband med bygging av ny bru i Flåm peika Høgre på at det her er brukt for store ressursar på prosjektering.

Omorganisering

Det er oppretta eit eige selskap for næringsutvikling, Aurland Næringsutvikling as. Det er og oppretta ei ny eining for kommunale bygg og eigedomar. Dette har Høgre støtta aktivt. Johannes Dalsbotten er styreleiar i den nye eininga som skal styra dei kommunale eigedomane. Høgre har i kommunestyret peika på at næringsarbeidet må vera effektivt og målretta og at ein må unngå parallellkøyring. Høgre har og stilt spørsmål ved styresamansetjinga med bruk av personar som har mange andre posisjonar med tilknytning til næring og forvaltning.

Øvingsbane snøskuter

Framlegget frå snøskuterklubben til regulering av øvingsbane ved Østerbø – Grønestølen fekk brei tilslutnad. Høgre røysta med fleirtalet og mot framlegg som ville avgrensa aktivitetane.

Kommuneplan

Arbeidet med ny kommuneplan er i gang. Høgre ønskte primært eit litt anna opplegg der politikarane var meir aktivt inne i startfasen for å definera mål og rammer. Dette var det ikkje tilslutnad til.

Sal av konsesjonspliktige eigedomar

Høgre har røysta for ein meir liberal praksis til fordel for kjøpar i samband med sal av eigedomar. Dette er det enno ikkje fleirtal for.

Lærdal sjukehus

Høgre har alltid arbeidd for å sikra Lærdal sjukehus. Me har mellom anna teke opp sak om at alle pasientar skal behandlast likt og at pasientinntak ikkje skal styrast av økonomiske motiv.

Direkte val av ordførar

Høgre gjekk inn for direkte val av ordførar. Dette er den viktigaste posisjonen i kommunen og veljarane bør ha direkte innverknad på valet. Berre Venstre slutta seg til framlegget om direkte val.

Open post – saker Høger har teke opp

Høgre har teke opp fleire saker i open post: kommunale avgifter, Larsen-huset, idrett, vaksinerings. Høgre tok opp sak om skulerute til Håbakken slik at fleire elevar kan bu heime. Dette slutta alle parti seg til. Innkjøpsreglementet er endra etter initiativ frå Høgre.

Kraftprisar

Høgre tok initiativ til open høyring om straumprisar, særleg knytt til Vatnahalsen. Høyringa fekk fram fakta i saka, mellom anna at samferdselsdepartementet er ansvarleg departement. Statsråd Navarsete lova å handsama saka, men dette er enno ikkje gjort og ein må dessverre forventast at ho ikkje vil gripa inn. Høgre vil arbeida vidare for tenlege kraftprisar generelt og at Vatnahalsen får same rammevilkår som andre.